

Varm opp vatn med strålingsenergi


Utstyr

- Ein skikkeleg solrik dag
- Tre hageslangar med stoppventilar. Pass på at slangane er like tjukke og like lange.
- Vatn
- Termometer
- Litermål

Framgangsmåte


- Fyll hageslangane med kaldt vatn
- Fyll så eit litermål med dette kalde vatnet og mål starttemperaturen i vatnet
- Legg dei tre fulle slangane i solsteiken i ein time
- Sjå illustrasjonar under for korleis slangane skal plasserast

1




Legg ein vassleidning i ei rett linje på bakken i solsteiken.

2



Legg ein vassleidning i ein tett kveil på bakken i same solsteiken og på same tidspunktet som dei andre leidningane.

3



Legg ein vassleidning i ein spiral flatt på bakken i akkurat same solsteiken og på same tidspunktet som dei andre leidningane.

Hypotese

I kva slange trur du det blir varmest vatn?

Ranger dei frå høgaste temperatur til lågaste temperatur.



Oppgåve

Etter ein time: Skru forsiktig på vatnet og fyll eit og eit litermål med vatn frå dei ulike slangane. Mål temperaturen på vatnet i dei ulike slangane.

